

Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 27.11.2018

Jon Askeland (SP) sette på vegner av SP, KRF, A og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestrafikksikringsutvalet slutter seg til retningslinjene for tilskot til lokale trafikksikringsarrangement og endring av søknadsfristar slik dei ligg føre i saksutgreiinga, men med endringar som skildra under:

Fylkestrafikksikringsutvalet ber om at det vert innarbeidd kriterium i tilskotsordninga som:

- 1) prioriterer trafikksikringsarrangement og trafikkopplæring i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet.
- 2) prioriterer frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggleiksarbeid

Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere språklege endringar i føreslåtte kriterium for tilskotsordninga, om erfaringane viser eit behov for å tydeleggjere kriteria ytterlegare. Endringane skal ikkje bryte med intensjonen til føreslåtte kriterium eller gjeldande praksis for tildeling frå tilskotsordninga.»

Røysting

Askeland sitt forslag vart vedteke med 4 røyster (SP, KRF, A og H) mot 1 røyst (FRP) for fylkesrådmann sitt forslag.

Vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet slutter seg til retningslinjene for tilskot til lokale trafikksikringsarrangement og endring av søknadsfristar slik dei ligg føre i saksutgreiinga, men med endringar som skildra under:

Fylkestrafikksikringsutvalet ber om at det vert innarbeidd kriterium i tilskotsordninga som:

- 1) prioriterer trafikksikringsarrangement og trafikkopplæring i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet.
- 2) prioriterer frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggleiksarbeid

Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere språklege endringar i føreslåtte kriterium for tilskotsordninga, om erfaringane viser eit behov for å tydeleggjere kriteria ytterlegare. Endringane skal ikkje bryte med intensjonen til føreslåtte kriterium eller gjeldande praksis for tildeling frå tilskotsordninga.